

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
232	Pål Grev	19.12.22	36/22

## **SØKNAD OM BETALING FOR IKKJE AVSPASERT ARBEIDSTID I 2021 OG FOR EKSTRA ARBEID I 2022 – KNUT ØYJORDET OG VIDAR RUGSVEEN**

*Saksdokument:*

Brev frå Knut Øyjordet av 01.12.22 til fjellstyret, og frå Vidar Rugsveen av 05.12.22.

*Saksutgreiing og vurdering:*

Timelistene for 2021 viser at Knut Øyjordet har ein del arbeidstid som det av ulike årsaker har vore vanskeleg og fått avspasert. Han søker difor om å få etterbetalt plussstimane. Det same med Vidar Rugsveen, som har 13 timer «til gode» frå 2021. Søknadene er kopiert og lagt ved saka. Vedlegg (gjeld Knut) viser oversikt over ikkje avspasert arbeidstid i 2021, fråvær og omfang av nødvendig helg-, heilagdag- og kveldsarbeid. Søknaden omfattar også meirarbeid i 2022.

I tariffavtala mellom tilsette i fjellstyra organisert i Naturviterne og Norges Fjellstyresamband står det at partane er einige om at utbetaling av plussid i utgangspunktet skal bli unngått, men at der arbeidssituasjonen gjer avspasering umogleg, blir plussid utbetalt.

Ein tek til etterretning at det ikkje har vore praktisk mogleg for Øyjordet og Rugsveen å avspasere all plussid i 2021, og at etterbetaling blir løysinga. Talet på meirtimar har generelt vorte redusert mykje sidan 2013, men med unntak av 2019 da fjelloppsynet utførte eit par ekstra tenestesalsprosjekt. Når vi veit at fjellstyret sel ein del tenester til andre, at dette utgjorde så mykje som ca. 34 % av det totale arbeidet for fjelloppsynet i 2021, er det naturleg at dei tilsette får etterbetalt for ikkje avspasert meirtid slik det har vore praktisert i mange år.

Når det gjeld 2022 så var det ikkje heilt spesielt år ang. bemanning. Dette resulterte i ein del meirtid både for Øyjordet og Rugsveen, meirarbeidstid som det har vore umogleg og fått avspasert. Difor er etterbetaling heilt naturleg.

**Innstilling til vedtak:**

Knut Øyjordet får etterbetalt for 97,5 timer ikkje avspasert arbeidstid i 2021 og Vidar Rugsveen for 13 timer, etter ordinær timesats. Pga. underbemanning i nesten heile 2022 har både Øyjordet og Rugsveen måttå arbeidd ein del ekstra. Dei får difor utbetalt meirarbeidstimane som ekstra løn. Dei står fritt i om alt skal utbetalast i 2022 eller bli fordelt på 2022 og 2023.

Frå og med 2023 og inntil vidare blir meirarbeidstid som dei to tilsette i 100 % stilling ikkje fåt avspasert, automatisk utbetalt i januar året etter. Dersom det oppstår unormalt høgt timetal av slik plussid eit år, t.d. pga. langtidssjukmelding, så må fjellstyret behandle spørsmål om betaling av meirarbeidstid etter søknad. For Vidar Rugsveen, som ikkje er omfatta av tariffavtala mellom Norges Fjellstyresamband og Naturviterne, er avtale om utbetaling av

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

eventuelle meirtimar nedfelt i revidert arbeidsavtale mellom han og fjellstyret.

I løpet av januar skal fjellstyret få ei oversikt over eventuell meirarbeidstid for dei tilsette året før, omfang av nødvendig helg-, heilag- og kveldsarbeid, omfang av ferieavvikling, tal på dagar avspasert gjennom året og fråvær.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Knut Øyjordet og Vidar Rugsveen

*Kopi til:*

Innlandet Revisjon

Vågåmo, 19.12.22

Knut Øyjordet (e.f.)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no